

MØTEBOK

Kommune	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 17.00 Til kl. 18.30
Aurland	fjellstyret	Fjordsenteret	13.8.20	

TIL STADES PÅ MØTET

Medlemar Sigurd Vikesland, Erling Nesbø, May Britt Martinsen, Leif Turlid, Tor Olav Kvam.

**Vara-
medlemar**

Andre Håkon Øydvin, Harald Skjerdal.

HANDSAMA SAKER

Sak nr./år
30/20, 31/20, 32/20, 33/20, 34/20.

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til
Fjellstyremedlemene og -varamedlemene, Aurland folkebibliotek.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 13.8.20

Stad: Fjordsenteret

Sak 30/20. Referat og meldingar

Følgjande meldingssaker vart refererte:

- 1) Møtebok fjellstyremøte 16. juni
- 2) Kalveteljing i Nordfjella villreinområde den 24. juni
- 3) Fjellstyra si 100-årsgåve - status
- 4) Fjellstyresambandet sin ullfleecejakke til fjellstyremedlemene vart utdelt
- 5) Utdeling av «Villreinen»
- 6) Samjaktavtalen for sone 2 jakta 2020 er klar
- 7) Samjaktavtalen mellom statsallmenning og private jaktfelt i Aurland – status
- 8) To søkjarar har fått utsett mottak av tildelt reinskort til neste år
- 9) 17 jegerar har søkt på dagskorta for reinsjakta – trekt 6. august
- 10) Brev frå SNO v/Petter Braaten 3.8: Utflyging av elg og hjort jakta 2020
- 11) Påmelde til landsmøtet i Norges fjellstyresamband 18. august
- 12) Den nedste brua i Nordheimsdalen er skadd i flaum, Håkon orienterte.
- 13) AJF sitt jaktlag i Nordheimsdalen er trekt
- 14) Tre uhenta fellingsløyve for rein etter avslutta kortsal vart trekte til varalista

Sak 31/20. Søknad frå Steinbergdalshytta om garnkort til hytta

Søknad og saksutgreiing låg føre.

Samrøystes vedtak:

Steinbergdalshytta får høve til å kjøpa eit sesongkort for garnfiske med 5 garn i statsallmenningen, på følgjande vilkår:

- Garnkortet gjeld for dei tilsette på hytta (ikkje gjester)
- Den/dei tilsette som utøver fisket må og ha løyst sportsfiskekortet for statsallmenningen.
- Når den/dei som utøver fisket ikkje er busette i Aurland kommune, må fisket føregå i dei vatna som er opna for garnfiske for utanbygdsbuande. Unntak her kan avtalast med fjellstyret, dersom det skjer som ledd i tynningsfiske (§ 11 i fiskereglane).
- Kortet kan inngå i fiskelag med andre (§ 7 i fiskereglane).
- Den/dei tilsette som utøver fisket må og ha løyst sportsfiskekortet for statsallmenningen.

Aurland, den 27.8.20

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og
-varamedlemene,
Aurland folkebibliotek

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 13.8.20

Stad: Fjordsenteret

Sak 32/20. Søknad frå Aurland skyttarlag om gåvepremie til samlagsstemna i baneskyting

Søknad frå Aurland skyttarlag låg føre.

Handsaming i møtet:

Dagleg leiar orienterte om løyvingar fjellstyret har gjort vedtak om tidlegare i år, og om kva som er avsett i budsjettet.

Framlegg frå Erling Nesbø:

Fjellstyret gjev avslag på Aurland skyttarlag sin søknad om bidrag til gåvepremie til samlagsstemnet, då budsjettposten som fjellstyret har til allmennyttige føremål for 2020 er oppbrukt.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret gjev avslag på Aurland skyttarlag sin søknad om bidrag til gåvepremie til samlagsstemnet, då budsjettposten som fjellstyret har til allmennyttige føremål for 2020 er oppbrukt.

Sak 33/20. Søknad frå Jan Eira om å få fiska med garn som utanbygds i Nyhellermagasinet

Søknad frå Jan Eira låg føre, saman med saksutgreiing.

Samrøystes vedtak:

Aurland fjellstyre ser trongen for å auka uttaket av fisk frå Nyhellervatnet, og gjev Eira vilt & fisk løyve til å driva utfisking sesongen 2020. Fisket skal føregå etter dei fiskereglane som Aurland fjellstyre vedtok i april 2017. Ved flytting av utstyr, garn og båtar må fiskelaget anten desinfisera eller tørka det godt, før ein byrjar fiske i Nyhellervatnet.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 13.8.20

Stad: Fjordsenteret

Sak 34/20. Søknad frå Steinbergdalshytta om å få selja småviltjakkort som del av overnttingspakke

Søknad frå Steinbergdalshytta v/Solveig Kvakestad låg føre, saman med saksutgreiing for sak 27/19, som galdt ein likelydande søknad.

Handsaming i møtet:

Fjellstyret vil gå for eit tilsvarande opplegg som det ein hadde i 2019.

Samrøystes vedtak:

Steinbergdalshytta v/Solveig Kvakestad får disponera følgjande småviltjakkort for sal til gjester på hytta hausten 2020:

- 5 dagskort
- 5 todagarskort
- 5 tredagarskort

Prisen som desse jaktkorta vert selde for må vera lik den kortprisen som er vedteken av fjellstyret. Oppgjer for korta skjer etter sesongen. Det vert ikkje gjeve provisjon av kortsalet. Innehavaren av hytta har ansvar for å sjå til at dei som kjøper jaktkort kan dokumentera at jegeravgifta er betalt, og at dei oppfyller det kravet om busetjing i Noreg som gjeld for jakt på statsallmenning, jfr § 23 i Fjellova.

Aurland, den 27.8.20

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og
-varamedlemene,
Aurland folkebibliotek,
Steinbergdalshytta